

Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 8. januar 2025

Tid: 8.1.25, kl. 1900-2030

Stad: Vestnes bibliotek

Deltakarar: Jørn Inge Frostad, Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Ellen Lundgren, Tore Tomren og Morten Øveraas

Gjest: Dagfinn Wiik (sak 3)

Saker:

1) Godkjenning av referat frå styremøtet 26.9.24.

Liv Signy fekk tilslutning for ei meir moderat og fleksibel formulering i sak 4.2. – ved å endre «er» til «kan vere».

2) Årsmøte 2025

Morten sjekkar ut ledig tid på biblioteket i uke 12. Morten tek også kontakt med Mads Langnes frå Romsdalsmuseet for mogleg foredrag i etterkant av årsmøtet.

3) Markering av frigjeringsåret

Tresfjord museum, ved styreleiar Dagfinn Wiik, har tatt initiativ til eit samarbeid med sogelaget for å markere 80-årsjubileet for frigjeringa. Planen er i hovudsak å lage ei fotoutstilling på Vestnes bibliotek, og ei utstilling av privat eigde våpen, uniformer, osb. på Tresfjord museum. Sogelagets fotogruppe er i gang med å finne aktuelle bilde frå krigens dagar.

Elles er både Wiik og sogelagsstyret einige om at kommunen bør forbetre arrangementet i samband med Frigjeringsdagen (kransnedlegging ved minnesmerket). Etter fleire år med særers miserabelt oppmøte 8.mai, tok Wiik kontakt med dåverande skulesjef, og la fram ein tanke om at ein klasse på ungdomstrinnet burde ta eit særleg ansvar for markeringa. Denne idéen rant ut i sanden. Sogelaget støtter at Wiik tek opp att eit liknande initiativ overfor kommunen, og om ønskeleg kan sogelaget tilby skulane både moralsk og fagleg støtte.

Wiik tek uansett kontakt med kommunen for å høyre kva planer dei har i samband med markeringa. Morten skal sjekke ut frist for å søke midlar for å trykke plakatar, o.l.. Tresfjord museum og sogelaget opprettheld kontakten.

4) Andre aktuelle aktiviteter i 2025

- Sogelaget skal ha som mål å halde fram med å arrangere minimum ein fotokveld i året. Styret er einige om me neste gong lyt realisere planen om å presentere bilde frå Vestnesavisa sitt arkiv frå 80/90-talet.
- Ellen foreslår eit foredrag av Kåre Johan Straume, om østersoppdrett i Vågstranda.
- I tilfelle det er tilstrekkeleg interesse kan Morten stå for omvising ved Kvitberget også komande sommar.
- I samband med frigjeringsjubileet kan me etterkvart vurdere å arrangere ein tur til kaptein Nils Øveraas si hytte på Lauvåsen.

5) Oppdatering av sogelagets digitale og økonomiske verktøy

Det har lenge vore behov for å modernisere heimesida, samt styrke andre digitale hjelpemiddel som e-post-program, medlemslister, faktura-system osv. Korleis skal dette gjerast?

Liv Signy har undersøkt, og funne ut at Styreweb kan vere svaret på våre problem. Dette er ei løysing som mange historie- og sogelag har hatt gode erfaringar med. Styret er einige om at sogelaget har økonomisk berekraft til å betale dei 500 kronene i månaden som det vil koste å nytte Styreweb sine tenester.

6) Eventuelt

- Sidan sist har sogelaget arrangert fotokveld (24/10), samt lansering (20/11) av det særst godt mottekne årsskriftet. Begge var vel gjennomførte og besøkte arrangement – på førstnemnde var det oppimot 100 deltakarar.
- Dessutan har styreleiar i haust hatt regi på flytting av AO Sand-utstillinga frå Romsdalsmuseet til Vestnes bibliotek.
- I samband med ei føreståande bok om Tresfjord kyrkje har det vore ytra ønske om å inkludere artiklar skrivne av Martinus Løvik og publisert i sogelagets årsskrifter. Det er også snakk om å trykke Einar Baltzersens artikkel om Mali Furunes frå sist årsskrift i et biografisk hefte. Styret er einige om at det bør vere lav terskel for gjenbruk av publiserte artiklar, so sant det klart og tydeleg blir vist til at dei først vart trykt i sogelagets årsskrifter.
- Fotograppa har fått utkast til ny avtale med Interkommunalt Arkiv, når det gjeld framtidig publisering og tilgang på bilde (Sogelaget skal vel å merke ha tilgang, også etter at blida blir overført til IKA).

Nerås, 12.1.25.

Referent: Tore Tomren